

Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA
KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 3 - juni 2026 58. årg.



UngFokus i Brynekyrkja



Ung Fokus

side 4



Jenteforeining på bygda

side 8



Trusoplplæring

side 12



Sommarkveld
med Jærklang

side 14

BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77
 Kontortider: Måndag-fredag: 09:00 -14:00
 Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne
 Inngang frå Saronsbrotet
 heimeside: www.timekyrkjene.no
 post.time@kirken.no
 Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340
 Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
 Diakon Time og Undheim:
 Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919
 Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039
 Sekretær: Dagny Oltedal Hetland tlf. 51 77 03 77
 Assisterande kyrkjevevjerje:
 Siri Vik tlf. 906 43 758
 Kyrkjevevjerje: Jostein Aa Tollaksen tlf. 909 88 880

Time
 Heimeside: www.timekyrkja.no
 Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874
 Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102
 Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
 Ungdomsarbeidar: Sigve Hansen tlf. 926 51 896
 Kyrkjetenar helg: Sondre Vassbø tlf. 954 18 820
 Soknerådsleiar: Marianne Hauge tlf. 481 14 974
 Dagleg leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102
 Klokkar: Maren Dyngeland tlf. 905 65 198
 Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Lye forsamlingshus
 Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

Bryne
 Heimeside: www.brynekyrkja.no
 Sokneprest: Trond Inge Tappel tlf. 922 30 897
 Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
 Kyrkjelydspedagog: Tone Vold tlf. 918 81 818
 Dagleg leiar:
 Elisabeth S. Obrestad tlf. 475 02 080
 Vikar ungdomsleiar: Julie H. Vigrestad tlf. 924 23 491
 Soknerådsleiar: Arne Berge tlf. 411 61 504
 Kyrkjetenar helg: Johannes Høie Hetland tlf. 400 80 177
 Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf. 466 56 825
 Kyrkjelydsutviklar:
 Jon Torger Hetland Salte tlf. 984 16 231

Undheim
 Heimeside: www.undheimkyrkja.no
 Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
 Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
 Sokneprest og prostiprest: Nadine Vaagen tlf. 413 91 649
 Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
 Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157
 Dagleg leiar: Håkon Rettedal Losvik tlf. 994 18 620

Time sokneråd: time.soknerad@kirken.no
 Bryne sokneråd: bryne.soknerad@kirken.no
 Undheim sokneråd: undheim.soknerad@kirken.no

Jeg velger meg pinsen

Jeg velger meg april!
 i den det gamle falder,
 i den det ny får fæste,
 det volder lidt rabalder, -
 dog fred er ej det bedste,
 men at man noget vil.

Jeg velger mig april,
 fordi den stormer, fejer,
 fordi den smiler, smelter,
 fordi den ævner ejer,
 fordi den kræfter vælter, -
 i den blir somren til!

Fra Digte og Sange, 1870, av
 Bjørnstjerne Bjørnson

Jeg leser med begeistring dette flotte diktet av Bjørnstjerne Bjørnson. Han hadde vårmånedene april i tankene. For meg passer diktet vel så mye som en beskrivelse av kirkeårets mest hemmelighetsfulle høytid.

Hva er det beste med pinsen? Hvis du spør meg, er jeg ikke i tvil. Det beste må være at avskjedsgaven fra Jesus er til oss alle. Før pinedag var det bare noen få utvalgte mennesker, VIP-folk, som fikk Den hellige Ånd. Det var folk som Moses, David og profetene.

De beste nyhetene fra pinedag er at vi alle kan få del i denne gaven. Gjennom dåpen og troen tar Gud, ved Den Hellige Ånd, bolig i oss. Jesus kommer oss i møte med sin fred. Freden var dyrekjøpt, men prisen er betalt. Og selv når følelsene sier noe annet, så kan du være trygg. Den som er elsket, er nemlig trygg, også når det er turbulent i livet. Pinedag har lært oss at midt i stormens øye er Gud.

En pinsebønn:

Hellige Ånd, flyt gjennom livene våre som en mektig elv.

Du ser at vi noen ganger bare kan tåle en liten bekk.

Men om også det lille er fylt av liv, så er vi rike.

Hjelp oss å gi slipp på tanker som krever og forvirrer.

Lær oss å tenke dine tanker, du som gjør alle ting nye.

Du som lar vannet sildre i de tørreste bekkedar.

Vi ber, Gud: Gi oss gjennomstrømning av det levende vann.

Ved Jesus Kristus, vår Herre og Frelser. Amen

Inspirert av forfatteren Ulla Kall i bønneboken «Med tomme hender»



TEKST: YNGVAR NILSEN

Framsidedeilete: Ung Fokus i Bryne kyrkje. Foto: Margreta Johannessen

Utgitt av: Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad, Margreta Johannessen og Elisabeth S. Obrestad.

Trykk: Kai Hansen AS. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen.time@kirken.no.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 24. august.

Eit spesielt salmeminne

25 år har gått sidan det var kongebesøk i Time kommune - i ni timar.

TEKST: ODDNY UNDERHAUG. FOTO: PRIVAT

Dette fall saman med "Garborgåret i 2001". Då vart det markert at det var 150-år sidan Arne Garborg vart fødd. Han vart under kongebesøket heidra som Time sin store son og diktar.

Etter kongen sitt besøk i Knudaheio, var det gudsteneste på kyrkjebakken utanfor det som skulle verta ny kyrkje på Undheim. Ca 60 korsongarar var med og leia salmesongen.

Og kva kunne passa bedre enn å syngja:



Lov Jesu namn og herredom

Tekst: Edward Perronet 1779, 1780. Oversett: Arne Garborg 1898. Melodi: William Shrubsole 1779

- | | |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <p>1. Lov Jesu namn og herredom,
høgenlar i hans slott!
Ber krona fram med hyllings ljom,
og kron han, kron han, kron han,
kron han allheims drott!</p> <p>2. Du vitneflokk i himmelkor
som tolmod's krans har nått,
kved kongskvad for den Herre stor,
og kron han allheims drott!</p> <p>3. Du frelste hær av Adams ætt,
løyst ut av naud og nott,</p> | <p>pris han som nåde gav for rett,
og kron han allheims drott!</p> <p>4. Kvart folk i kvar ei heimsens bygd
her under soltjeld blått,
gjev han åleine herrehøgd,
og kron han allheims drott!</p> <p>5. Ja, gjev me med Guds kvite hær
av all vår hug og hått
syng songen ny for Herren kjær,
for Jesus, allheims drott!</p> |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|





Full konsentrasjon rundt Mikado

Kjøkt med kiosk.



Slush er snart klar.



Forsongarane øver.



UF er topp!

Laurdagskveld med UngFokus

Då eg stakk innom Ungfokus ein laurdag i vår, var det først slike forteljingar som møtte meg frå ein gjeng oppglødde konfirmantar. Dei hadde nyleg vore på KRIK-leir på Framnes, og var tydeleg skikkeleg begeistra.

TEKST OG FOTO: MARGRETA JOHANNESSEN

«-Det var så gøy opplegg.»

«Supert at me hadde lovsong og møte kveld og morgon.»

«Kult å møta unge frå andre plassar.»

«Mange var frå Bergensområdet.»

«Leiarane var så bra.»

«Me kunne kvar dag melda oss på grupper med ulik sport som basket, slalåm osv.»

Kommentarane deira sette eigentleg tonen for resten av opplevinga denne kvelden. Det vart eit par kjekke timar for meg, saman med opne og blide ungdommar.

Annankvar laurdag samlast ein god gjeng på 15 til 30 unge i kyrkjekjellaren til UngFokus. Dei er frå Brynebyen og bygda, ungdomsskule- eller vidaregåandealder. Vaksenleiar er ungdomsarbeidar Oda Vik Straume, og Jon Torger Hetland Salte som har vore vikar ein periode. Andre frå staben og frivilljuge steppar også inn når det trengs.

Kvelden startar med eit kort møte oppe i kyrkjesalen. Først er det lovsong, leia av to av jentene. Så fortel Jon Torger om den bortkomne sonen som kom til seg sjølv og vende heim att. Han minner om at Gud er ein slik Far som alltid ventar på oss og tek imot oss. Møtet gjekk vidare med ein lek, og så meir song som ei

avslutning. Før alle går ned, er det handsopprekking for å finna ut kor mange pizzaer som skal steikast!

Nede i kjellaren igjen fordeler folk seg på ulike rom. Nokre handlar seg slush eller snop og brus i kiosken, andre sit i sofaen og pratar. Eit par tek eit slag bordtennis, andre spelar fotballspel. Biljardbordet er i bruk, og etter kvart samlast fleire om ulike brettspel. Stemninga er god, alle er med på noko.

Ungdomane fortel at torsdagen før kvart UF samlast styret med vaksenleiarane for å planleggja. Dei likar godt at dei får vera med å bestemma programmet, og gjennomføra og leia ein del av kvelden.

Eg samlar ein gjeng for å få ein liten prat.

Korleis begynte du i UF?

Nokre fortel at foreldre tipsa dei, at vaksne såg det på nettet. For andre vart UF eit natuleg fellesskap etter at dei hadde gått på 9-13 tidlegare. Likevel er det eitt svar som går igjen hos dei fleste: Nokon inviterte dei med! «Venninna mi gjekk her, og bad meg med. Eg var skeptisk, men blei med, og så var det kjekt.» «Kameraten min sa det var bra, så gjekk eg også.» «Eg hørde at det var ein kul plass.»

Kva er det som gjer at du går her?

Nokre har gått her eit års tid, andre lenge. Uansett har mange same forklaring: dette er ein god plass å vera, her er kule og fine folk, opplegget er gøy og variert. Mange seier også at det kjennes fint å vera med andre kristne, kunna snakka om trua og om andre ting i livet. Vaksenleiarane får også godord, dei er tydelege, og samtidig nære og greie.

De er ikkje så mange. Kva tenkjer de om det?

Det er på ein måte greitt, det kjennes trygt, og så forsvinn ein ikkje i mengda. Samtidig kunne det vore skikkeleg kjekt med fleire også. Ungdommane blir samde om at dei kan gjera det som gjorde at mange av dei sjølv starta i UF: Be med seg ein venn.

Pizzaen er ferdigsteikt, og så går kvelden vidare med Kahoot, biljardpoker og andre artige aktivitetar.

Eit siste spørsmål: Mange hadde det kjekt på KRIK-leir. Er der nokon som har planar om noko slikt i sommar?

Me pleier ikkje ha noko felles opplegg for tur eller leir. Fleire reiser likevel på KRIK ACTION i Bø i Telemark. Andre dreg på SKJÆRGÅRDS Music & Mission festival på Risøya. Det spørst kva interesser ein har, kva ein synest er mest gøy. Uansett er det kjekke ting å gjera om sommaren!

David mot Goliat

Uttrykket «David mot Goliat» høyrer og les me frå tid til annan, særleg i konflikt eller konkurranse. Det kan for eksempel vera at eit storlag i fotballen skal spela mot eit lite, lokalt lag. Me ser det også nytta om ein privatperson går til rettssak mot eit stort firma eller staten. I det heile gjeld det ei stor makt mot ei lita makt, særleg der forskjellen på partane er så stor at resultatet er gitt på førehand. Den svake part står bort imot som utan håp.

TEKST IVAR JOHANNESSEN

Uttrykket kjem frå Israels historie, slik me kan lesa det i GT, Det gamle Testamentet. Det hadde seg slik at israelittane under kong Saul var i krig mot filistrane. Hærane stod oppmarsjerte mot kvarandre, på kvar si side av ein dal. Så tredde filistaren Goliat fram, og utfordra israelittane til å velja seg ut ein krigar som kunne slåst mot han. Då kunne striden løysast ved duell. Dersom Goliat vann, skulle israelittane vera filistrane sine slavar. Vann israelittane sin krigar, skulle filistrane vera israelittane sine slavar.

Problemet var at ingen israelitt våga å stå fram, sjølv om Goliat håna både israelittane og deira Gud kvar dag i lang tid. Men når me

forstår kven Goliat var, forstår me også at ingen israelitt ville ta opp kampen. Goliat var ein garva krigar med gode våpen, men ikkje berre det. Han var uvanleg stor, heile 2,25 meter høg. Brynja han bar vog rundt 60 kilo, og våpna hans var svære.

Så kjem David inn på scena. Han var ein ung gjetargut, og ingen soldat. Faren sende han med mat til brørne sine, som var soldatar. Kong Saul kalla David til seg, og David fortalde at han ville gå mot filistaren. Sjølv sagt avslo kongen tilbodet, men David gav seg ikkje. Han fortalde at han med Guds hjelp hadde drepe både løve og bjørn. Nå var han sikker på at Herren ville gje han å slå Goliat.

Saul let han få prøva seg, og gav han brynje og våpen. Men David kunne ikkje nytta dette, han var for ung og ikkje vand med utstyret. Så han gjekk mot Goliat i berre sine kvardagsklede, og til våpen hadde han slynga si. Med slynga kasta han ein stein som treffe Goliat i panna. Goliat fall og David drap han.

Du kan lesa denne fantastiske historia i Første Samuelsbok kapittel 17. Og heile poenget her er at Herren nyttar seg av små og veike menneske når Han vil visa sin styrke og sin godleik. Når den svake part, som er heilt utan håp om siger, likevel vinn fram, syner det at Gud er den som gjev siger.



Korleis ligg du an med strandkroppen?



Når ein får eit slikt spørsmål i Helgedagen, kan det tenkjast at ein del av lesarane hever det eine augebrynet og lurar på kva i all verda dette er for noko. I så fall er det kanskje eit sunnheitsteikn. I ein del andre medier, for eksempel på nettet, er dette eit spørsmål eg ofte har sett, eit spørsmål som er stilt på rammaste alvor når sommarvarmen begynner å nærma seg.

AV: HEIDI STRAND HARBOE

Det beste svaret eg har sett nokon koma med er ein enkel framgangsmåte i to ledd:

1. Finn ei strand. 2. Ta kroppen din med deg dit. Kroppen din er nå automatisk blitt til ein strandkropp.

Av og til blir eg så lei av alt ein skal gjera seg fortent til, og alt det blir forventa at ein skal prestera. Her skal ein ikkje gå rundt og tru at stranda er for alle, det blir forventa ein viss grad av perfeksjon før ein skal kunna syna seg der. Ulike produkt produsentane gjerne vil ha oss til å kjøpa blir ofte presentert som noko me «bør unna oss» «fordi me fortener det».

Nå må ingen tolka meg dit hen at eg synest det er noko gale i å ta vare på kroppen sin. Tvert i mot. Kroppen vår skal me ta vare på, verna om og vera glad i akkurat som alt det andre Gud har skapt. Det er noko eg alltid har prøvd å praktisera, sjølv om eg må innrømme at eg ikkje alltid har lukkast like godt på alle område. Det eg er ute etter å stilla spørsmålsteikn ved er det at nokon prøver å selja oss livsideal som ikkje alltid er like berekraftige, ikkje alltid er like rause, og ikkje alltid er veldig barmhjertige mot oss som er mottakarane. Eg tenkjer til og med at dei kan gjera oss slitne, halvblinde og lite handlekraftige når det gjeld alle desse utfordringane som vel må

kunna seiast å vera viktigare enn vår eigen strandkropp.

Tenk om me ikkje skulle våga oss ut for å nyta sommaren før me har fått operert dei for store nasane våre eller forsvarleg pakka inn alle skavankar som me ikkje vågar å vedkjenna oss... Det er vel ikkje slik me går rundt og trur at det skal vera? Det er stemmer som ropar så høgt at me nesten kan bli litt tafatte i vår manglande evne til å vera perfekte. Eg har lyst til å kviskra forsiktig inn i folk sine øyre, «Ikkje tru på alt det tullet, kom deg ut og nyt sommaren».

Eg trur på ein raus og inkluderande Gud som er glad i menneska slik dei er, og som vil at me skal ta vare på kvarandre og på den jorda me bur på.

Legg deg i graset og les ei god bok. Ver ein vaksen som oppdagar kor kjekt det er å leika. Kle godt på deg, og sit ute halve natta bare for å nyta sommaren. Sykla ein lang tur. Dersom du ikkje har sykkel, kan du sikkert låna deg ein. Så blomsterfrø som blir til vokstrar humler og bier kan ha glede av. Kanskje du til og med kan dyrka litt bær, frukt og

grønt som du sjølv og naboane kan ha glede av? Sommaren inviterer til mange gleder som ikkje treng å kosta mykje pengar, og for å vera i det finaste sommarlyset treng du ikkje reisa vekk ein gong.

Til slutt ei lita ekstra oppfordring frå meg. Bli kjend med nokon som ikkje liknar på deg i det heile tatt. Me har alle ein form for fasade me liker å gøyma oss bak, og ein flokk me liker å identifisera oss med. Då er det lett å tenkja feil tankar om dei som tilhøyrrer andre flokkar. Mi erfaring er at bak fasadene er me likare enn me trur. Dei fleste menneska ber mykje av den same lengten i seg etter eit liv der ein blir akseptert og elska for den ein er, og etter det å få bety noko for andre menneske. Eg trur på ein raus og inkluderande Gud som er glad i menneska slik dei er, og som vil at me skal ta vare på kvarandre og på den jorda me bur på.

Den norske sommaren er ei fantastisk gåve til oss alle etter ein lang og mørk vinter. Visst veit me eit og anna om vind frå nordvest og sommarveker med ein heilårstemperatur på 12 grader, men me har lyset og dei lange dagane. Det skal ingen få ta i frå oss.

Som Nordahl Grieg har skrivne i ein kjend song, «Solskinn og brød og ånd eies av alle».

Livskraftig jenteforeining på bygda

Det er ikkje sjølvsagt at ei foreining som er ca 65 år framleis eksisterer. "Kornbandet" som denne foreininga heiter, vart starta av Olaus Grødem som døydde for nokre år sidan. Nokre småjenter kom til henne og sa at dei hadde lyst å gå i foreining. Ho tok utfordringa. Og tenk, det gror framleis i hennar spor!

TEKST OG FOTO: REIDUN JANE HESKESTAD

Leiarar i 2026 er Karin Lima Friestad, Elin Haugland og Irene Time Grødem.
Jenter frå 1. - 7. klasse møtest annankvar tysdag på Fotland Bedehus.

Jentene kjem i god tid før foreininga startar og ventetida vert godt nytta - nokre broderer, andre står på hendene eller slår hjul på golvet.



Andaktshaldar i dag - kateket Ingrid Time Nærland - har hengt opp eit bilete på ei tavle, og gjort klar målepensel og småkrukker med måling.
 – Eg gjekk i foreininga då eg var liten, seier ho mens ho gjer seg klar.

Klokka er 17.00 og foreininga startar

Barna vert ønskte velkomne. Det vert òg opplyst om at dette er siste gong før sommaren.

- Før sommaren? seier ei jente veldig spørjande
- Det jo "kjempelenge" til hausten?
- Ja, men me har alltid slutta til påske og starta opp første tysdag i september.

Så blir det sett av god tid til song. Jentene trekkjer lappar frå boksen.



God song og stort engasjement. "Du er du og du duger". Alle må no opp å stå. Song og rørsle blir skikkeleg utførte. "Det begynner her i toppen", fortset dei.

Så får Ingrid ordet og "målinga". Med enkle penselstrøk fortel ho om påskedagsmorgonen. Mykje hadde hendt. Jesus var krossfesta, sjølv om han var uskuldig, han var død og begravd. Dei to Mariaene ville gå til grava. Dei var så triste og redde. Soldatane - kva skal me gjera med dei, undrast kvinnene. Engelen kom. Soldatane besvimte.

Engelen sa: Ver ikkje redde! Jesus har stått opp. Jesus lever! Spring og fortel! Glade sprang kvinnene med den gode budskapet til læresveinane.

Det var stille i rommet. Jentene hadde fullt fokus på målinga og det som vart fortalt.

– Aldri vore så stilt under ein andakt før, kommenterer ein av leiarane.

Songstunda held fram. "Hvor er billetten? Ja, nå vet jeg hva jeg vil, Hvem er jungelens Konge?"



Irene - sjå kor fin kyllingen vart!



Pip-pip - fint å treffa deg!



Karin svarar villig på spørsmål som dukkar opp.

Tid for forming

– Om me skal laga noko i dag? spør ei av jentene.

I denne foreninga er det nemleg slik at dei har handarbeid - brodering, strikking ein tysdag. Neste gong dei møtest lagar dei noko. Og i dag er det lagedag. – Best at alle legg sytøyet sitt til sides no, sier ein av leiarane.

Når påskekyllingen vert presentert, blir det stor jubel. Kyllingkroppen skal vera ei lita blomsterpotte.

Kyllingen skal ha både augo, nebb, hanekam, venger og føter, så her er det berre å koma i gang!

Det kokar i rommet – klukking og piping høyrer, rop om hjelp, diskusjon om klipping av hanekam og nebb. Dei vaksne har hendene fulle, går rundt og hjelper og gir råd. Nokre av dei yngste har med mor og ho er til god hjelp! Rommet lever – mest som ei maurtue. Nokre står i stolen, andre ligg på kne på golvet eller i sofaen. Alle er intenst opptekne av oppdraget! Alle får hjelp. Tolmodige leiarar tar seg god tid til den enkelte.

– Har alle som treng lim fått no? Ei hand kjem opp.
– Då må du koma og lima fast føtene.

To av dei eldste sit litt i utkanten – klarar seg sjølve. Ei av dei har med seg ei flott brodert ku. Den vil ein av leiarane montera på ei veske! Og nytt sytøy er alt på plass i jenta sine hender.

– Det er så kjekt å brodera, seier ho. Etter ei hektisk arbeidsøkt ligg 15 kyllingar til tørk på borda. Beina må jo sitja godt fast!

Programmet går vidare. Nytt høgdepunkt er mat. Barna syng bordvers med skikkeleg trykk i songen - som eit kor. Apropos song – foreininga har delteke med song på julemessa på bedehuset. Dei er klare til å vera med i år òg. Saft og kake er populært. Glir lett ned. – Kan eg ta meir?

Det kjekkaste med foreininga synest mange er å laga fine ting.
– Og så får me alltid noko godt på slutten, seier ei jente og smiler.
– Me får hekla og sy, tilføyer ei.
– Syngja saman, er det ei som nemner.
– Og så har me det gøy i lag.

Til slutt lyder Guds velsigning over store og små.

Men noko er gløymt! Sidan det er siste gongen før ferien skal alle få pakke.

Å, ja!! Det gjekk eit sukk gjennom rommet då dei oppfatta dette. Pakkar vert opna og spanande lesestoff får plass i sekken på heimveg.

Ein foreiningskveld på Fotland er over. Barna har høyrte påskeforteljinga, brukt songstemma, kjent på skaparglede og fellesskap og sist, men ikkje minst, blitt sett av tolmodige vaksne.

Leiarane ønskjer god sommar!
– Håpar å sjå dåke første tysdagen i september.



Så får kyllingen "perlebein"

SOMMARKVELD med Jærklang

6. juni Bryne kyrkje

AV: ARNFINN VIGRESTAD

Då styret i Jærklang hausten 2025 planla programmet for vårsemesteret, kom ideen at koret på sommarkvelden i 2026 kanskje skulle leggja opp til ein songkveld og trekkja fram nokre av dei gamle songane mange av oss har vakse opp med og kan så godt. Ideen modnast. Med «Mulighetenes Gud», korhefte frå 1988, med kjende bedehussongar og nyare lovsongar, arrangert for kor og musistar av Peter Sandwall, vart det enklare for styret å satsa på dette.

I føreordet skriv komponisten mellom anna fylgjande: »Vi har ofte plassert sanger i bås etter tradisjonar og smak. Hvis en sang har blitt presentert av et kor, forblir den ofte en korsang. Med Mulighetenes Gud vil vi arbeide for samspill mellom solister, kor og menighet, sammen tilbe, prise og

ære vår Far, Mulighetenes Gud».

Koret vil syngja nokre av songane frå dette heftet, i tillegg også andre kjende og kjære songar. Det vert rikeleg høve til å syngja med!

Med oss denne kvelden har me musistarane Ragnhild Kvitvær (trompet), Torvald Tjåland (saksofon), Elin Underhaug Kanu (piano), Siri Heggheim (fløyte), Ingrid Underhaug Nielsen (fiolin), Jan Dagfinn Jakobsen (song) i tillegg til Jærklang sine egne solistar.

Det er gratis inngang, men som Jærklang pleier å gjera på desse sommarkveldane, tek me opp kollekt, ei gåve som dette året går til organisasjonen Mercy Ships. Organisasjonen bruker sjukehuskip for å gje gratis helsehjelp og samfunnsbygging til fattige og trengjande i U-land.



Representantar frå Mercy Ships vert med og fortel om arbeidet!

I tillegg er det rom for ein god pause med servering! DU er velkomen til Bryne kyrkje, laurdag 6. juni klokka 19.00.

Vonar me kan få ei minnerik oppleving i kyrkja denne kvelden!



SKAPARVERKET

GEITRAMS

TEKST OG FOTO: ROLF HESKESTAD

Det er vanskeleg å unngå å få med seg synet av geitramsens. Denne flotte og høgreiste blomen som ein kan sjå nærast kor som helst i landet vårt der det er rikeleg tilgang på nitrogen. Typiske veksestadar er hogstfelt, veg- og åkerkantar. I USA heiter planten fireweed. Det namnet har nok samanheng med at geitramsens gjerne dukkar opp i store mengder der det har vore skogbrann.

I folkemedisinen har blada blitt brukte som middel mot gikt og smerter i ryggen. I dag er det nok meir interessant at heile planten kan etast. Unge skudd blir stundom kalla "nordens asparges". Steikt i olje skal slike skudd smaka retteleg godt!. Blomane kan òg sankast og nyttast på same vis som blomen til



svarthyll. Drikken av geitramsblomar får ein flott raudrosafarge. Geitramsens spelar ei viktig rolle i naturen. Han gjev nektar til bier og humler. Mange ulike artar av sommarfugler har larver som lever på geitrams. Dette er eit godt døme på det fine samspelet i skaparverket.

Pinse – Den heilage ande

Jul kan me lett forhalda oss til, med konkrete bilete av hyrdar, ein stall og eit barn i ei krubbe. Påska har òg sine tydelege hendingar: Jesus som rir inn i Jerusalem på eit esel, krossfestinga og oppstoda tredje dagen.

Men kvifor har me nettopp feira pinse? Kva er pinse, og kvifor er det ei høgtid i den kristne kyrkja?

TEKST: HANS AUSTNABERG

Sju veker etter den jødiske påska feira jødane ei høgtid til minne om boda dei fekk på Sinaifjellet, samstundes som ho markerte innhaustinga av kveite. Det var for å feira denne høgtida at læresveinane til Jesus – som alle var jødar – var samla.

I Apostelgjerningane kapittel to les me at dei brått hørde ein kraftig vind, og at heile huset dei sat i, blei fylt av lyden. Endå meir merkeleg var det at dei såg noko som likna tonger av eld, som sette seg på kvar av dei. Og om ikkje det var nok, blei dei fylte av det dei forstod som Den heilage ande, og dei byrja å tala andre språk.

Folk frå mange folkeslag hadde kome til Jerusalem for å feira den jødiske pinsedagen, og dei blei forundra då dei hørde læresveinane fortelja om Jesus på deira eigne morsmål. Nokre undra seg, andre gjorde narr og meinte dei måtte vera fulle.

Denne forteljinga seier noko viktig om kven Den heilage ande er i kristen tru. Han er som vinden:

usynleg, men verknadene er tydelege. Han er som pusten – ande tyder jo pust – og han gir liv og rørsle. Når me forstår meir av kven Jesus er og kva kjærleik han har til oss, er Den heilage ande i arbeid. Når me trur at Jesus er den han seier seg å vera, kan me vita at det er Den heilage ande som har tent den trua i oss. Den heilage ande er Gud som er heilt nær.



MILJØ, MØTEPlass OG MISJON



NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter
Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet
og Meierigata



FRETEX butikk Bryne

Parken senter
Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken
og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Klede, møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker,
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Vi tar også imot stumpar av stearinlys.

Telefon 400 37 151

Opningstider:

måndag-fredag 11.00-17.00, laurdag 11.00-15.00

Frå 29. juni til 8. august er butikken open:

måndag - laurdag kl 11.00 - 15.00

Vi tar imot og sel:

Klede, tekstilar, lamper og "ting og tang".

Vi har slutta med møblar.

Telefon 922 09 638

Opningstider:

måndag stengt, tysdag-laurdag 11.00-15.00

Komande arrangement i regi av trusopplæringa

TEKST: RAGNHILD HANSEN OG TONE VOLD

Gruppene våre er melde inn i Søndagsskolen-Norge

Me har nå meldt dei fleste aktivitetane våre som grupper i Søndagsskolen-Norge. Her får me offentleg støtte ut frå kor mange medlemmer me har i kvar gruppe. Slik bidrar kontingenten til at me har materiell og ressursar til dei ulike gruppene våre. Me ønsker derfor at flest mogleg av dei som blir med på aktivitetane våre melder seg inn i gruppa under søndagsskolen. Barna kan vera medlemmar i fleire grupper i søndagsskolen. De melder inn i gruppa i den vanlege påmeldinga. Husk å melde inn rett gruppe.



BABYSONG 0-1 ÅR

Me har babysong på Lye forsamlingshus, Undheim kyrkje og Bryne kyrkje. No har me pause til etter sommarferien. Då startar me opp att med annankvar onsdag på Undheim, og annankvar torsdag på Bryne og Lye. Dersom de lurar på noko ang babysong, er det berre å ta kontakt. Det går an å bli med på babysong heile året, ein må ikkje starta opp ved starten på eit semester.



Det er ikkje fleire samlingar våren 2026, men me startar opp igjen til hausten. Ta kontakt med Ragnhild Hanssen eller Tone Vold.

SMÅBARNSTRALL 1-3 ÅR

Småbarnstrall er eit song og musikk tilbod for barn frå 1 år og oppover. Då møtest me store og små i Time kyrkja, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa litt større born. Det blir song, leik og moro. Småbarnstrall er felles for alle sokn. Etter songsamlinga et me kveldsmat i lag.



Det er ikkje fleire samlingar våren 2026, men me startar opp igjen til hausten. Ta kontakt med Ragnhild Hanssen eller Tone Vold.

UNDRETUR OG HAUSTTAKKEFEST FOR 2-ÅRINGAR

Søndag 13. september vert 2-åringane på Undheim inviterte til hausttakkefest. Der får dei utdelt kvar sin pose med songkort.


I Bryne og Time kjem 2-åringane på undretur i kyrkja 29. september kl. 17. Der får dei sine songkort. Invitasjonar vert sende ut.



FIREÅRSKLUBB

4-åringane får invitasjon til fireårsklubb som vert avslutta med ei gudsteneste der dei får kvar sin barnebibel.

Dato for gudstenestene i haust:
Bryne og Time kyrkje:
18. oktober
Undheim kyrkje:
22. november
Me har to samlingar i vekene før gudstenesta. Invitasjonar vert sende ut.



Hovudmål for kyrkjeleg undervisning og læring

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdjar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.



KOR- KICKOFF

KOR- KICKOFF Bryne kyrkje 3. september kl. 17.30 med besøk av Jarle Waldemar, og pizzafest. Denne dagen har me eit kjempekjekt Kick off i Bryne kyrkje, felles for alle sokn. Her kan alle barn som er med i kor eller lurar på om dei vil begynna i kor komma og bli med. Barnekora våre er for barn i alderen frå ca. 4 år til og med 4. klasse.

På kick off'et skal me først ha ei sangstund saman med Jarle Waldemar. Etterpå blir det pizza til alle.

5-åringane får invitasjon i posten, men alle barn i alle aldrar er velkomne! Ta med heile familien og kom! Arrangementet er gratis, men me har påmelding for å berekna mat. Påmelding kjem.



KRØLLEKVELD

Me arrangerer «Krøllekveld» for treåringane i kyrkjene våre. Då er me samla ein liten time i kyrkja, der me har ei kjekk samling med song og forteljing. Me høyrer om sauene som forsvann og om den gode hyrde som leitar etter sauene sin, og borna får sjølv lov til å vere hyrdar som er på leit etter sauene. Alle får med seg heim ei bok som heiter «Kvar er Krølle?». Me oppmodar særleg fadrar til å vere med på denne samlinga. Velkommen til ei koseleg stund i kyrkja! Meld deg på i den kyrka, og det tidspunktet som passer best for deg.

Datoar:

Bryne kyrkje 8. september kl. 17

Time kyrkje 9. september kl. 17

Undheim kyrkje

10. september kl. 17

Invitasjonar vert sende ut.



TWEENS-KICKOFF

Me samlar tweens frå alle sokn til kickoff i Bryne kyrkje 27. august kl. 17.30.

Kor-kickoff. Me sender invitasjon til 5. klassingar, men arrangementet er frå 4. klasse og oppover. Hald av datoen

Får du ikkje invitasjon i posten? - Bli trusopplæringsabonnet

Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på www.kirken.no/ minside og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.

10-ÅRSFEST

Me vil invitera alle 10-åringar på Bryne, Time og Undheim til felles fest og feiring på Lye forsamlingshus 3. juni 17-18.30. For mange er det også omtrent 10 år sidan dåpen. Me vil ha ein «bursdagsfest» med leik og moro, og me vil læra meir om dåpen og om å høyra til i Guds famn.

Påmelding via QR-kode:



Avduking av Milestein

Den 23. september kl 15:00 blir det avduking av ny «Milestein» på Hå Gamle Prestegard.

Slike milesteinar står langs dei fleste pilegrimsleier i Noreg, så det blir flott å få ein slik også hos oss.

På biletet over er Milesteinen som blei avduka utanfor Egersund kyrkje i 2022.

I forkant av denne avdukinga blir det ei pilegrimsvandring frå Madland hamn til Varhaug gamle kyrkjegard.

Vandringa startar kl 11:00. Det blir sett opp buss frå Nærbø stasjon kl 10:45, og buss frå Varhaug gamle kyrkjegard (Varhaug kapell) til Hå Gamle Prestegard etter programmet ved kapellet. Etter avdukinga blir det ei kort vandring frå Hå Gamle Prestegard til Kristkrossen på Njærheim.

Dette arrangementet er det Hå Gamle Prestegard og Hå kommune som står for.

Velkommen til å bli med på pilegrimsvandring



Pilegrimsturar 2026

- **Vandring 2. pinsedag, 25. mai** til gudsteneste på Krosshaug
Frå Klepp kyrkje kl.09.30
Frå Bryne kyrkje 10.00
- **Vandring 7. juni** frå Egersund til Ogna (sjå eigen annonse)
- **Vandring på St. Hans 23. juni** kl.17.30 frå Orre friluftshus til gudsteneste i Orre gamle kyrkje kl.19.00. Etter gudstenesta går vi tilbake til Friluftshuset og grillar.
- **Vandring på Olsok 29.juli** kl.16.00 frå Haarr til gudsteneste på Varhaug gamle kyrkjegard kl.19.00
Merk at vi har endra retninga på denne vandringa og går i frå Haarr og ikkje frå Obrestad som vi har gjort tidligare.

Følg med på Pilegrim på Jæren på FB for meir informasjon om turane.

En musikalsk hyllest til Erik Bye – 100 år

MUNNSPILL

Under åpen himmel



Erik Bye var en av Norges store formidlere av viser, ord og menneskelige verdier. Med varme, alvor og humor satte han varige spor i norsk kulturliv.

Når	Sted	Billetter
Lørdag 27 juni Klokken 18:00	Bryne Kirke	Kr. 200,- Vipps 514115 på forhånd eller i døren

Medvirkende

Sigmund Groven
Munnspill og konferansier

Yonseok Lee
Munnspill

Tore Reppe
Munnspill og dirigent

Thomas Tvedt
Sang

Vegard A. Kjøsnes
Munnspill

Ivar Anton Waagaard
Klaver



Arrangør og medspiller



Medarrangør

KVELDSGUDSTENESTER

Bryne kyrkje hausten 2026

Tema: Trushistorier

Trusforteljingar frå ulike personar i kyrkjelyden

Alle gudstenestar startar kl 19.00

23. august
20. september
11. oktober
22. november



Bryne kyrkje. Foto: Ove Kvam.



SOMMARKVELD

med JÆRKLING

laurdag 6. juni kl. 1900
i Bryne kyrkje

Kveldens gjester:

Gry og Brynjar Foss
Mercy Ships

*Korsong, solosong, allsong
musikk og matøkt*

Kollekt til Mercy Ships



**VELKOMMEN
FRÅ BYGD OG BY!**

Velkommen til:

Tacofredag i Bryne kyrkje

12. juni 2026 kl. 17.00

- Taco til heile familien.
- Samling og aktivitetar for barna.
- Kaffipause og drøs for dei vaksne.
- Tilrettelagt for barnefamiliar, men alle er velkomne.
- Veldig kjekt om akkurat DU kjem!

Hugs påmelding på:

www.brynekyrkja.no

Eller bruk QR-koden:



BIBELKVELDANE HAUSTEN 2026

Denne hausten blir fokuset på bibelkveldane i Bryne kyrkje **Bibelen – vår heilage bok**

Møtetid. 19.00 til 21.15, med to innlegg kvar kveld. Det blir kaffipause mellom innlegga.

Bibelen er berar av Guds ord og ei kjelde til trøyst, rettleiing og håp. Boka er ikkje berre

ei bok, men eit heilt bibliotek av forteljingar, dikt, lovtekstar, visdomsord og brev. Bibelen er ei samling skrifter som gjennom årtusen har forma tru, tradisjon og forståing av livet for millionar av menneske. Tekstane har oppstått i ulike tider og samfunn, men står saman som ei heilskapleg forteljing om forholdet mellom Gud og menneske.

PROGRAM

Tid	Tema	Foredragshaldar
13. okt.	Kva meiner vi med at Bibelen er Guds ord?	Knut Alfsvåg, professor, VID
27. okt.	Då Det nye testamentet blei til Dei 4 evangelia	Anna Rebecca Solevåg, professor, VID Arne Berge, tidlegare sokneprest
10. nov.	Å lese Bibelen i dag Å lese Bibelen i dag	Øivind Holtedahl, sokneprest i Domkirken og St. Petri menighet Panelsamtale

Velkommen til Open kyrkje-kafé hausten 2026

I kyrkjestova Bryne kyrkje, første mandag i månaden kl. 18:00
Enkel bevertning, programinnslag og god drøs kvar gong.



NB: Følg med for annonsering av programinnslaga.

Hausten 2026:

7. september
5. oktober
2. november
7. desember



Arr.: Diakoniutvalet i Brynekyrkja

**Barnekoret
i Brynekyrkja**
Frå 4 år- 4 klasse

Torsdagar i
partalsveker
Kl. 17.30

Etter øvinga er det
kveldsmat til alle i
kjellaren

TT-koret
- Koret for tweens og teens
5. klasse og oppover

Torsdagar i
partalsveker
Kl. 19-20
i Bryne kyrkje



Sveinung Hølmebakk

BRYNE KYRKJE 18. SEPT KL. 20

med koret Jærklang

Billetter: sveinung.no

Velkommen til Innvandrantreff

Bryne kyrkje; Brynevegen 9, 4340 Bryne.
Kvar tysdag kl. 19.30–21.00

Her kan du koma, få nye venner,
oppleva mangfaldig kultur og øva på
snakka norsk.

Datoar for hausten 2026

25. august

1., 8., 15., og 23. og 30. september

13., 20. og 27. oktober

(NB! 6 okt. går ut p.g.a. haustferie)

3., 10., 17. og 24. november

1. og 8. desember

(med avslutningsfest før jul)



Velkommen til Torsdagstreff

Stad: Bryne kyrkje.

Tidspunkt: Kl.: 14:30-16:30.

**Triveleg samvær i kyrkja for målgruppa
+/- 60**

Program hausten 2026:

17. september Kåseri v/Egil Karlsen
"Min oppvekst på Nærlandsheimen".
Matsservering, songstund og andakt

15. oktober Kåseri v/Ola Risa
"Litt om livet mitt. Spesielt med tal"
Servering av lapskaus.
Songstund og andakt

19. november Kåseri og andakt v/Yngvar Nilsen
«Feltprest i Kongens klær».
Andakt med tema: «På patrulje» Matsservering
og songstund

Velkommen til Sundagstreff i Bryne kyrkje – hausten 2026

Program:

Kl.18.00: Ringleik & allsong
+ kaffi & drøs i kyrkjestova

Kl.19.00: Gudsteneste i kyrkjesalen

Arrangementet er ope for alle og
tilrettelagt for menneske med alle
funksjonsnivå.

Hjarteleg velkomen!

Datoar for hausten:

Sundag 30. august

Sundag 18. oktober

Sundag 8. november

Sundag 6. desember

NB! Tysdag (22.) september

Hausttakkefest i St. Petri kyrkje –
kl. 18.00 (Felles arrangement. Vi ord-
nar felles avreise. Påmelding.)



MENIGHETS WEEK-END

Undheim kyrkjelyd arrangerer menighets week-end på Vaulali 25-27. september.

Påmelding kjem før sommaren.

Kontaktinfo

Håkon Rettedal Losvik, dagleg leiar Undheim sokn

Mailadr.: HL366@kirken.no

Årets gullkonfirmantar

Gullkonfirmant-jubileum med gudsteneste i Time kyrkje

14. juni kl 11.00.

Gudstenesta er open for alle.

Fredagskveld på Kyrkjetoget



28.august kl.19.30

Kveldens gjest:

Trond Inge Tappel, den nye Bryne-presten
Song av Shalom

Vel møtt til samling med uformelt program, drøs, allsong og "kveldens gjest".

Ta gjerne med litt mat som me set på kjøkkenbenken. Me kokar kaffi/te

KONFIRMAN*

Nå er det 2012-kullet sin tur!

Velkommen til konfirmasjonstid i Bryne, Time og Undheim kyrkjer. Dei framtidige konfirmantane har mykje å glede seg til. Påmeldinga har allereie starta.

I konfirmasjonstida får unge lære mykje spennande om seg sjølv, om tru, om Gud og den verda dei er ein del av. Dei kan også glede seg til å bli ein del av et fellesskap. Høgdepunktet for konfirmasjonstida er konfirmasjonsdagen – ein skikkelig festdag.

Konfirmasjonsdatoar i 2027: Bryne kyrkje: 24.04, 25.04, 08.05.
Time kyrkje: 06.05. Undheim kyrkje: 02.05.

Påmelding: Gå inn på www.timekyrkjene.no og fyll ut skjema under fana "Konfirmant 2027". Påmeldinga opnar 18.05 kl 12.00, påmeldingsfrist er 23.06.

Finn mer informasjon på
www.timekyrkjene.no
www.kirken.no/konfirmasjon



DEN NORSKE KYRKJA

Bryne, Time og Undheim kyrkjelydar



<p>EiendomsMegler 1 JÆRMEGLEREN</p> <p>Gro Anita Nøkland m: 900 14 328 Kyrre Otto m: 954 85 419 Kristine Ree Espedal m: 480 64 634</p>	<p>Jæren Gulv AS Maler- og gulvarbeid</p> <p>www.jaerengulv.com</p>	<p>REMA 1000</p> <p>Håland</p>
<p>EL-TEAM Elektroentreprenør</p> <p>Morenefare 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40 E-post: firmapost@el-team.net www.el-team.net</p>	<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p> <p>ek Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4340 Bryne TLF. 51 48 02 11 DØGNSERVICE 971 78 180</p>	<p>TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig</p>
<p>VB Bryne Rør</p>	<p>PRIVATMEGLEREN JÆREN</p> <p>Torggata 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no</p>	<p>Bogh Lafoø BILSALG - SERVICE - EU KONTROLL - SKADE - RUTESKIFT</p>
<p>for syns skyld</p> <p>OPTIKK & SYN</p> <p>Storgata 40 Bryne - Tel: 51 48 80 04</p>	<p>Renovasjons- service as Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44</p>	<p>haver</p> <p>Haver Advokatfirma AS Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50</p>
<p>Bonde Kompaniet</p> <p>Butikk i Jupitervegen 4, 4340 Bryne. Tlf. 480 10 878</p>	<p>SpareBank 1 SR-BANK</p>	<p>WACO Forsikringsmegling as</p>

Velkommen til Sorgstøttegrupper

Kyrkja sitt tilbod til etterlatne.
Gruppene er livssynsopne.




Det finst tilbod om å delta i sorg-støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med:
diakon i Bryne: mh336@kirken.no
diakon i Time og Undheim:
ps453@kirken.no eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77.

Velkommen til å melda deg på.

HelgeKryssord 3/26

LAGA AV: GABRIEL TENGSAREID

Hjernetrim




Vassrett

1. Visdomsord av Mahatma Gandhi
15. Levevetider
17. Peileapparat
19. Insekt (flt.)
20. Gjer glad
22. Blomsterstand
23. Menneskeslekta
24. Arm på ei kran
26. Damp (omv.)
28. Purke
29. Okse
30. Preposisjon
31. Lovstridig
35. Roe
36. Husk (imp.)
37. Suffiks
38. Art
39. Søkkjestein
40. Stilrein
42. Rovdyret
45. Blåsa kaldt og bitande
47. Grusrygg
48. 52
49. Æ
50. kokos
51. Jente
53. By i Canada

55. Gresk bokstav
56. Berghamar
58. Fuglen
59. Rugeegg
61. Næringsgrein
62. Veer
63. Jernstykke på ein plog
66. Klin
68. Farleg område
69. Mage
70. Geometrisk figur

Loddrett

1. Kringkastingsystem
2. Leirplass (2. Mosebok 15 og 16)
3. Leggje stor vekt på idesystem
4. Rugg
5. Eksisterer
6. Sjuklege sjølvdyrkinga
7. 450
8. Treet
9. Rytmask, religiøs song
10. Utstyra med klede
11. Offentleg verv
12. Blest (omv.)
13. Gammal anløpsstad
14. Førestilling



Løysing til HelgeKryssord 2/26

16. Bilmerke
17. Avkastninga
18. Belgisk/fransk elv
21. Elv i Frankrike
22. Lyd
25. Folkemeining
27. Veks ut att (imp.)
32. Like konsonantar
33. Bildel
34. Folka
35. Svensk tal
40. Rettferdig
41. Brenna veikt
43. Fotssole
44. Fase
46. Opplysa om
52. Apostel
54. Gevær
57. Kvinnenamn
60. Varm
61. Del av orgel
64. Lik begge vegane
65. Arvestoff
66. Kode
67. Grei




Barnas

Finn 5 feil

Desse to bilda er nesten heilt like. Greier du å finne 5 feil på bildet under?



Teikning: Aleksei Bitskof




Labyrint



Filip fortalde om Jesus til mange som han møtte. Ein av dei han møtte var ein etiopisk hoffmann. Hjelp Filip med å finne vegen.

Teikningar: Chiara Bertelli



Ordsøk

I rutenettet gøymmer det seg 10 land. Leit bortover og nedover. Greier du å finne alle?

S	V	D	E	Y	L	F	B	Z	E
V	Z	A	V	K	F	R	E	P	T
E	N	N	X	C	I	A	L	K	Y
I	D	M	L	N	N	N	G	I	S
T	Z	A	K	O	L	K	I	T	K
S	I	R	L	R	A	R	A	A	L
V	N	K	U	G	N	I	K	L	A
Q	L	D	T	E	D	K	C	I	N
S	V	E	R	I	G	E	P	A	D
Y	P	S	E	N	G	L	A	N	D



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.


Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Vitsar:

- Hunden min har ingen nase.
- Korleis luktar han, då?
- Forferdeleg.

Kva for ein hage skal ikkje vatnast? Barnehagen!



GRAVLAGDE

Februar


Solveig Rugland

Mars

Else Marie Schøyen Heigre
Audun Duesund
Beathe Telstø
Ole Førland
Sofie Haugseng
Ingebjørg Øie Sirevåg
Sigve Lauritsen
Sofie Larsine Haga
Brit Hognestad
Ragnhild Undheim
Geir Ingvar Hellvik
Astrid Grastveit

April

Harald Halvorsen
Ingvar Haugland
Gerd Johanne Ånestad
Kjetil Taksdal
Bjørn Taksdal
Karin Herdis Thorbjørnsen
Kjell Anfinn Sola
Hanna Marie Tveitane
Solveig Sandsmark




VIGDE

TIME KYRKJE

11.04.26 Miriam Moskvil Grødem og
Håkon Grødem

UNDHEIM KYRKJE

11.04.2026 Randi Lindefjeld og Nils
Antoni Alimpoos Ueland



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

12.04.26 Sølvi Ree Böhne
Torjus Ueland
Tuva Brekken Hjelmen
Mille Thorsen Thu

TIME KYRKJE

08.03.26 Vilde Vorland
Malena Kluge Haugstad
Birk Bjørknes
05.04.26 Scott Teigen Gudmestad
18.04.26 Odin Tjensvold-Alvestad
Tønes Ottesen
Nikolai Strædet
Eva Sofie Helland Sætre
Henny Højgaard Puumalainen
Filip Emelankton Aadnesen
Johannes Onerva Schmidt
Ask Hodne

UNDHEIM KYRKJE

01.03.26 Gudny Skrudland Risa
15.03.26 Rudi Aardal

BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER

08.03.26 Filip Kvam Watne
Lura kirke
29.03.26 Ellie Mikalsen Scott
Ræge kirke
26.04.26 Theodor Tjøtta
Klepp kyrkje

3. GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase

Aase
Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

24 TIMERS VAKTTELEFON

Dåpskjole til gratis utlån på kyrkje-kontoret

Berre å henta og levera
Ring 51 77 03 77 - kyrkjekontoret,
i Erlandsbakken 6
Kyrkjekontoret ordnar reingjering.




 Velkomen til
gudsteneste



Skyss til gudstenesta
 Bryne kyrkje:
 Jonas Frøyland
 mob.nr. 41300468
 Ring før kl 10.00

I tida 21.06. til 09.08. er det gudsteneste i ei av kyrkjene våre kl 10.30.

Søndag 7. juni		2. søndag i treeiningstida	Matt 3,11-12
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Dåp, nattverd, søndagssule
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste, innsetjing ny sokneprest i Bryne	Nattverd, søndagsskule
Søndag 14. juni		3. søndag i treeiningstida	Luk 14,15-24
Bryne kyrkje	11:00	Familiefokus	Nattverd
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste	Gullkonfirmantar deltek
Søndag 21. juni		4. søndag i treeiningstida	Mark 10,17-27
Bryne kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp, nattverd, søndagsskule
Søndag 28. juni		5. søndag i treeiningstida	Matt 7,15-20
Time kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp, nattverd
Søndag 5. juli		Aposteldagen / 6. søndag i treeiningstida	Luk 5,1-11
Bryne kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp, nattverd
Søndag 12. juli		7. søndag i treeiningstida	
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp, nattverd
Søndag 19. juli		8. søndag i treeiningstida	Matt 6,19-24
Bryne kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp, nattverd
Søndag 26. juli		9. søndag i treeiningstida	Matt 11,28-30
Time kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp, nattverd
Søndag 2. august		10. søndag i treeiningstida	Luk 5,27-32
Bryne kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp, nattverd
Søndag 9. august		11. søndag i treeiningstida	Matt 23,37-39
Time kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp, nattverd
Søndag 16. august		12. søndag i treeiningstida	Matt 6,24-34
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Dåp, nattverd
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp
Søndag 23. august		13. søndag i treeiningstida	Matt 25,14-30
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste for store og små	Nattverd, semester kick-off
Bryne kyrkje	19:00	Kveldsgudsteneste	Nattverd
Søndag 30. august		14. søndag i treeiningstida	Matt 20,1-16
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Dåp
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd, søndagsskule
Søndag 6. september		15. søndag i treeiningstida	Matt 5,38-48
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, konfirmantpresentasjon, søndagsskule
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste	Konfirmantpresentasjon
Søndag 13. september		16. søndag i treeiningstida	Mark 7,31-37
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste med hausttakkefest	Dåp
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Dåp, pilegrimsvandring Lye - Ålgård etter gudstenesta for dei som vil
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, konfirmantpresentasjon, søndagsskule

Velkomen til kyrkje

Følg med på www.timekyrkja.no eller i jærbladet for oppdatert informasjon.



Velkomen til gudsteneste



Skyss til gudstenesta
Bryne kyrkje:
Jonas Frøyland
mob.nr. 41300468
Ring før kl 10.00

Søndag 20. september		17. søndag i treeiningstida	Joh 11,17-29 og 30-46
Bryne kyrkje	11:00	Familiefokus	Nattverd
Time kyrkje	11:00	Haustattkefest	Nattverd
Bryne kyrkje	19:00	Kveldsgudsteneste	Nattverd
Lørdag 26. september		Lørdag etter 17. søndag i treeiningstida	Joh 11,17-29 og 30-46
Time kyrkje	12:30	Dåpsgudsteneste	Dåp
Søndag 27. september		18. søndag i treeiningstida	Matt 8,14-17
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Dåp
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste for store og små	Dåp, misjonstivoli



Velkommen til dåp!

I dåpen blir me møtt av Guds kjærleik. Den er eit verkekraftig teikn som gir oss del i Guds frelse, og ei gåve som det berre er å ta imot, uansett når i livet me vert døypte. Barn, unge og vaksne er like velkomne til dåp. Du kan låne dåpskjole gratis hos oss. Sjå meir informasjon om dåp på time-kyrkja.no.

 **DEN NORSKE KYRKJA**
Kyrkjene i Time, Bryne og Undheim



Du kan gje søndagens
kollekt ved:

v:pps

Brynekyrkja 117372
Timekyrkja 123577
Undheim kyrkje 84003